



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/1906-1

Saksbehandlar: Veronica Tråstad

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/68	23.10.2024	Formannskap
2024/57	31.10.2024	Kommunestyret

Kommunale gebyr 2025

Saksutgreiing

Gebyrregulativet viser kommunedirektøren sitt framlegg til avgifts- og gebyrendringar for 2025. Som hovudregel legg administrasjon til grunn ei auke lik konsumprisindeksen. Konsumprisindeksen dei siste tolv månader er på 2,8%. Lønnsoppgjeret vart på 5,2%. Administrasjon har vald å auke prisane med 4% for 2025.

I tabellane i saken er prisauken lagt inn, men med nokre unntak. Det er nokre satsar som blir gjeve i form av rundskriv og forskrifter. Det kjem fram i notane kva satsar dette gjeld. For enkelte område er prosentsatsen høgare, noko som skuldast at kommunen tidlegare har hatt låge prisar samanlikna med andre kommunar eller at kostnaden har auka. Det gjeld spesielt VAR-områder som fylgjer sjølvkostprinsippet.

Vatn og avløp

For tenester slamtøyming samt vatn og avløp så er desse regulert etter sjølvkostprinsippet, dette blir berekna ei sjølvkostkalkyle for kvar tenest. Det som er felles for sjølvkost er at kommunen ikkje kan tene pengar eller gå i overskot på tenesta. Alle direkte eller indirekte kostnadar skal dekkjast inn med kommunens gebyr.

Det er også viktig å være klar over at det er forskjell på sjølvkostgrad på ulike tenester som er forklart under.

På teneste for slamtøyming/renovasjon er det krav om 100% sjølvkostgrad, da skal tenesta balansere økonomisk over ei gitt tidsperiode berekna i sjølvkostanalyse, altså at da kan ikkje kommunen tene eller tape pengar på den tenesta, alt skal dekkjast med kommunale gebyr.

Slam hadde ein sjølvkostgrad på 70 % i 2023. Her vart det da eit underskotet på kr. 665 000,- som må dekkast inn i løpet av ei 5-års periode.

På vatn og avløp kan kommunestyret bestemme at vatn og avløpsgebyret berre skal dekke ein del av sjølvkost, t.d. så kan det være 80% sjølvkostgrad. Resterande 20% av kostnadar må dekkjast av det ordinære kommunebudsjettet.

Framtidas krav frå regelverk og forbrukarar av tenester vil utløyse større investeringar på vatn og avløp. I Skjåk vil det bli utfordrande og halde full sjølvkostgrad på vatn og avløp om vi må ta inn alle kostnadar på kommunale gebyr og 100% sjølvkostgrad.

I 2023 var sjølvkostgraden på vatn 54%. Kommunen subsidierte tenesta med kr. 1 871 000,-. For avløp var sjølvkostgraden 76%, dvs. at kommunen subsidierte med kr. 1 658 000,-.

Gebyrstorleiken i Skjåk på vatn og avløp samanlikna med nabokommunar og Kostragruppe 5 så er ikkje Skjåk kostbare. Dette kjem av at mange kommunar har måtte løfte gebyra sine i 2023 og 2024, medan i Skjåk får vi prisauken frå 2025 og utover.

Gebyra for slam er foreslege auka med om lag 50% og gjennomsnittleg auke på vatn og avløp er 29%. Dette er ei betydeleg auke og vi må forvente enda høgare gebyr i åra som kjem pga. dei nødvendige investeringane som er i kjømda.

I forslaget til statsbudsjettet for 2025 som er framlagt, er det føreslege å redusere satsen på meirverdiavgift på vatn og avløp frå 25% til 15% frå 01.05.2025.

Renovasjon

Dette er eit sjølvkostområde som ikkje kan subsidierast.

Innanfor området er det eit akkumulert underskot på ca 1 100 000 i 2023 (880 000 frå 2021) Reglane her er at avrekna over fem år skal gå i null.

Det er varsla at vi må pårekne auke i kostnadane på renovasjon. NGR har auka kostnadar til blant anna innkjøp av nye renovasjonsbilar og dunkar grunna ny renovasjonsordning frå 01.01.2025. Kostandane til NGR er forventa å auke med 14,2% i 2025. I sum av dette er gebyra justert opp 29%. Noko som er nødvendig for å hente inn akkumulert underskot og ta høgde for det som er varsla.

Sjølvkostgraden i 2023 var 103%. Det akkumulerte underskotet vart redusert med kr. 111 000,-

Kart og oppmåling

Innanfor kart og oppmåling er det berre vore justert for løn og prisauke. Sjølvkostgraden i 2023 var på 35%. Kommunen subsidierte tenesta med kr. 417 000,-.

Plan og byggesak:

Plan og byggesak er eit sjølvkost område som kan subsidierast, noko som Skjåk kommune i stor grad har gjort i mange år og kommunen har vore langt unna sjølvkost.

Gebyra har vore svært låge samanlikna med dei fleste. Den siste tida har det vore gjort eit arbeid med å sjå på kategoriar og størrelse gebyr.

Plan og byggesak har endra oppsettet for satsane da dei skal tilpassast oppsettet til Lom grunna samarbeid på områda.

Å ha same kategoriar er gunstig med tanke på at det er eit felles plan og byggesakskontor. Endringa på gebyr er vanskeleg å samanlikne med tidlegare år nå som kategoriar er endra, men som hovudsak kan ein si at det har vore ei betydeleg auke, men framleis er dei så låge at det ikkje svarar ut for kostnadane innanfor områda. Plan og byggesak vart subsidierte med kr. 2 380 000,- i 2023. Dette utgjer ein sjølvkostgrad på 13%.

Samanlikna med nabokommunar er vi framleis rimelegare, men no er det ikkje så stor differanse som tidlegare.

Når det gjeld gebyr etter forureiningsforskrifta er ikkje den kommunale forskrifta for å kunne vedta gebyr vedteke enda. Denne kjem opp som sak i november/desember 2024. Gebyrsatsane blir vedteke i eigen sak.

Barnehage:

Maksprisen for barnehage vart sett ned frå kr. 3 000,- til kr. 1 500,- i distriktskommunar frå 01.08.2024. Det er forslag i statsbudsjettet om å vidareføre denne satsen i 2025. Satsane for barnehage er derfor uendra.

Gebyrsatsane er delt inn etter tenesteområde. Gebyra er inklusive meirverdiavgift.

Vurdering

Dei ulike tenesteleiarane har saman med kommunalsjefane vurdert gebyra for sine områder.

Enkelte satsar blir vedteke ved fastsetting av stasbudsjettet eller i egne forskrifter og rundskriv. Dette er oppgjeve i noter på dei aktuelle satsane.

MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING

Landbruk og næring

Landbruk og næring	2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Frådeling etter jordlova av eigedom	2 000	2 000	0	0,0 %	1)
Konsesjonssøknad for fast eigedom	5 000	5 000	0	0,0 %	1)

Skjenkeløyve	2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Ambulerande skjenkeløyve, pr gong		440			2)
Bevillingsgebyr -salg pr. år (minimum)		1 960			2)
Bevillingsgebyr -skjenking pr. år (minimum)		6 100			2)

Noter

- 1) Gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker går fram av § 2 i forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker.
- 2) Gebyr for sal av alkoholholdig drikk blir fastsett i § 6-2 i Alkoholforskriften kvar haust.

Referansar

- Lov om jord (Jordlova)
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv (alkoholforskriften) § 6-2

Byggsak

Sakstype	
§ 3-12. Generelle gebyrer	2025
Timepris	
For de tjenester som ikke er omtalt i regulativet, men som krever behandling etter pbl, gjelder et gebyr etter medgått tid.	1500
Tiltak som krev søknad og løyve, § 20-3, jf. §20-1 a)	
<i>Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg</i>	
Bustader	kr 14,500
Fritidsbustader	kr 25,000
Tillegg for ekstra buening utover ein	kr 1,000
Tilbygg til bustader og fritidsbustader > 50 m ²	kr 9,500
Anneks (frittstående bygning for personopphald)	kr 9,500
<i>Andre bygningar (forretning, kontor, industri, garasjer m.m. – inkl. tilbygg/påbygg)</i>	
0 - 70 m ²	kr 9,500
70 - 250 m ²	kr 14,000
251-800 m ²	kr 18,000
Tillegg for kvar påbegynt 400 m ²	kr 2,000
<i>Konstruksjonar, anlegg (t.d. grøfteanlegg, avlaupsanlegg)</i>	
Tiltaksklasse 1	kr 10,000
Tiltaksklasse 2 og 3	kr 12,500
Søknad om endring av gjeve løyve	kr 2,500
<i>Vesentleg endring /vesentleg reparasjon av tiltak nemnt under a)</i>	
Fasadeendring	kr 9,500
Bruksendring eller vesentleg utviding/endring av tidlegare drift av tiltak nemnt under a)	kr 9,500
Riving av tiltak som er nemnt under pkt. a)	kr 5,000
Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar	kr 9,500
sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg m.v.	kr 9,500
enkle tiltak (pipe/skorstein)	kr 2,500
Oppdeling/samanføring av brukseiningar i bustader samt annan ombygging som medfører fråvik av bustad	kr 9,500
Oppføring av innhegning mot veg	kr 8,500
Oppføring av innhegning mot veg - mindre tiltak	kr 2,500
Plassering av skilt, reklameinnretningar o.l.	kr 9,500
Plassering av skilt, reklameinnretningar o.l. - mindre tiltak	kr 2,500
Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg	kr 6,000
Vesentleg terrenginngrep	kr 10,000
Vesentleg terrenginngrep - Tiltaksklasse 2 og 3	kr 12,500
Anlegg av veg eller parkeringsplass	kr 10,000
Anlegg av veg eller parkeringsplass Tiltaksklasse 2 og 3	kr 12,500
Tiltak som krev søknad og løyve og som tiltakshavar kan stå for, § 20-4	
Mindre tiltak på bebygd eigedom	kr 5,500
tilbygg 31 – 50 m ² , frittstående hus 51 – 70 m ²	kr 8,000
Alminnelege driftsbygningar i landbruket	kr 10,000
Driftsbygning nybygg, tilbygg (<100 m ²), mindre endringar	kr 6,000
Midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år	kr 5,500
<i>Oppretting av grunneigedom mv. Som nemnt i § 20-1 første ledd bokstav m</i>	
enkle saker, administrativ avgjerd	kr 5,500
saker som krev samordning	kr 7,500
Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn tiltakshavar kan stå for	kr 3,500
Førehandskonferanse, § 21-1	
Førehandskonferanse	kr 0
Søknad om løyve, § 21-2	
Søknad om rammeløyve. Gebyr som for gjeldande tiltak i § 20-1 x 1,2	1,2 x
Sluttkontroll og ferdigattest	
Ferdigattest eller førebels bruksløyve	kr 0
Søknad om dispensasjon	
Dispensasjonssaker som vert administrativt behandla, utan samordning med regionale planmyndigheiter	kr 5,500
Dispensasjonssaker som vert administrativt behandla etter høyring av regionale planmyndigheiter	kr 7,700
Dispensasjonssaker som vert politisk behandla utan samordning med regionale planmyndigheiter	kr 7,700
Dispensasjonssaker som vert politisk behandla etter høyring av regionale planmyndigheiter	kr 15,000
Eigedomssopplysningar etter spørsmål frå meklar	kr 1,500

Reguleringsplan, pbl §12-11	2025	2024	Endr. kr
1-10 bustadtomter	34 230		1)
10-40 bustadtomter	41 875		1)
Fleire enn 40 bustadtomter	53 775		1)
Planområde med andre hovudføremål inntil 10 dekar	34 230		1)
Planområde med andre hovudføremål over 10 dekar	41 875		1)
Planendring, pbl §12-14			
Planendring etter forenkla prosess (pbl §12-14 andre og tredje ledd)	15 228		2)
Vesentlege endringar av planar inntil 10 dekar	34 230		2)
Vesentlege endringar av planar over 10 dekar	41 875		2)

Note:

1) 50% av gebyr for private reguleringsplanar blir kravd inn når kommunen har motteke komplett planforslag.

Restbeløpet blir kravd inn når planen er ferdig handsama i kommunen.

2) 50% av gebyr for private reguleringsplanar blir kravd inn når kommunen har motteke komplett forslag til endring av plan.

Restbeløpet blir kravd inn når planendringar er ferdig handsama i kommunen.

For både reguleringsplan og planendring:

Private planforslag skal leverast i digitalt format etter gjeldende SOSI-standard. Alle kostnader til korrigering av planforslag, heilt fram til planen er formelt overteke av kommunen, og er i godkjent SOSI-format, dekkast av forslagsstillar.

Det kan krevast tilleggsgebyr per ekstra medgått time dersom digitalisering av plankart og tilpassing av format for innlegging i GIS-database må utførast av kommunen.

Forureiningsforskrifta

Ikkje klar. Forskrift for gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket er venta vedteke hausten 2024.

Ansvar for byggesakshandsaming er ein del av plankontoret Lom og Skjåk.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling er lagt til grunn for framlegget. I tabellen er det vist til areal. Dette er bruksareal.

Tidlegare har byggjemelding og ferdigattest vore fakturert kvar for seg, noko som har ført til at fleire bygningar framleis manglar ferdigattest. Når det inngår i det samla byggjesaksgebyret vil det stimulere til at fleire leverer slik attest.

Kontroll

Kommunen kan der det er nødvendig engasjere særskilde kontrollører for statiske utrekningar, ventilasjonsanlegg eller anne som krev særskild kompetanse. Det betalast då etter faktiske kostnader.

Klage

Dersom gebyret blir urimeleg i høve til det arbeidet plan- og bygningsmyndigheitene har, kan kommunedirektøren fastsetje eit passende gebyr. Klager på slik fastsetjing av gebyr blir behandla av formannskapet som klageinstans, sjå Forvaltningslova § 28.2. Det skal ikkje betalast gebyr for klagesaker.

Avslag og skrinlegging

Gebyr om vedtaket inneber avslag: 70% i høve til gebyrsats.

Gebyr om tiltaket ikkje blir utført: 100% i høve til gebyrsats

Betaling

Gebyra skal betalast til kommunekasseraren etter rekningsoppgåve frå plankontoret før tiltaket kan setjast i gang. Gebyret blir utrekna etter dei gebyrsatsane som gjeld den dagen søknaden blir journalført. I over ståande satsar er det medrekna utgifter til hjelpemannskap, bilgodtgjersle og administrasjonsutgifter. Meirverdiavgift reknast ikkje ved innkrevjing av gebyra

Kart og oppmåling

Oppmåling og matrikkel	2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
1.1.1 Oppretting av eigedom og feste: 0 - 500 m ²	16 970	16 320	650	4,0 %	
Oppretting av eigedom og feste: 501-2000 m ²	20 270	19 490	780	4,0 %	
Oppretting av eigedom og feste: over 2001 m ² pr.da	1 710	1 640	70	4,3 %	
Oppretting av punktfeste	10 140	9 750	390	4,0 %	
1.1.2 Matrikulering av grunn: 0 - 500 m ²	16 970	16 320	650	4,0 %	
Matrikulering av grunn: 501 - 2000 m ²	20 270	19 490	780	4,0 %	
Matrikulering av grunn: over 2001 m ² pr.da	1 710	1 640	70	4,3 %	
1.1.3 Oppretting av tilleggsareal: 0 - 100 m ²	8 480	8 150	330	4,0 %	
Oppretting av tilleggsareal: over 101 m ² - pr.100 m ²	860	830	30	3,6 %	
Oppretting av tilleggsareal: over 1500 m ² - pr.100 m ² , punkt 1.1.1	0		0		
1.1.4 Uteareal på eigarseksjon: 0 - 50 m ²	8 480	8 150	330	4,0 %	
Uteareal på eigarseksjon: 51 - 250 m ²	11 880	11 420	460	4,0 %	
Uteareal på eigarseksjon: 251 - 2000 m ²	16 970	16 320	650	4,0 %	
Uteareal på eigarseksjon: over 2000 m ² - pr.da	1 710	1 640	70	4,3 %	
1.1.5 Oppretting av anleggseigedom: 0 - 2000 m ²	22 900	22 020	880	4,0 %	
Oppretting av anleggseigedom: over 2000 m ² - pr.da	1 710	1 640	70	4,3 %	
1.1.6 Registrering av eksisterande jordsameige etter medgått tid - Minstepris	4 920	4 725	195	4,1 %	
1.1.7 Oppretting av eigedom for større samanhengande areal etter medgått tid - Minstepris	4 920	4 725	195	4,1 %	1)
1.1.8 Registrering av ikkje tinglest feste i matrikkelen	3 370	3 240	130	4,0 %	
1.2 Oppretting av matrikkelaining utan fullført oppmålingsforretning	3 370	3 240	130	4,0 %	2)
Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering: 0 - 500 m ²	5 660	5 440	220	4,0 %	3)
Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering: 501-2000 m ²	6 790	6 530	260	4,0 %	3)
Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering: over 2001 m ² pr.da	570	550	20	3,6 %	3)
1.3.1 Grensejustering: 0 - 250 m ²	5 090	4 890	200	4,1 %	
Grensejustering: 251 - 500 m ²	8 480	8 150	330	4,0 %	
1.3.2 Anleggseigedom: 0 - 250 m ³	6 780	6 520	260	4,0 %	4)
Anleggseigedom: 251 - 1000 m ³	10 200	9 810	390	4,0 %	4)
1.4.1 Arealoverføring: 0 - 500 m ²	24 580	23 630	950	4,0 %	5)

Arealoverføring: over 500 m ² pr.0,5 da	8 170	7 860	310	3,9 %	5)
1.4.2 Arealoverføring av anleggseigedom: 0 - 500 m ³	27 120	26 080	1 040	4,0 %	6)
Arealoverføring av anleggseigedom: over 500 m ³ pr.0,5 da	1 710	1 640	70	4,3 %	6)
1.5 Klarlegging av koordinatbestemt grense - inntil 2 punkt	3 370	3 240	130	4,0 %	
1.6 Klarlegging av koordinatbestemt grense - over 2 punkt og pr. punkt	850	820	30	3,7 %	
Klarlegging av ikkje koordinatbestemt grense - inntil 2 punkt	5 090	4 890	200	4,1 %	
Klarlegging av ikkje koordinatbestemt grense - over 2 punkt og pr.punkt	1 700	1 630	70	4,3 %	
Klarlegging av rettar fakturerast etter medgått tid - Minstepris	3 320	3 190	130	4,1 %	
1.7 Privat grenseavtale inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	3 370	3 240	130	4,0 %	7)
Privat grenseavtale over 2 punkt eller 100 m grenselengde - pr.punkt/100 m grense	860	830	30	3,6 %	7)
1.8 Timepris	1 640	1 575	65	4,1 %	8)
1.9 Utskrift av matrikkelbrev inntil 10 sider (lovregulert §16 Matrikkelforskriften pkt.4)	175	175	0	0,0 %	9)
Utskrift av matrikkelbrev over 10 sider (lovregulert §16 Matrikkelforskriften pkt.4)	350	350	0	0,0 %	9)
Gebyr etter eigarseksjons-lova §15					
2.0 Løyve til seksjonering og reseksjonering - Betalast etter faktisk medgått tid					8)
2.1 Løyve til seksjonering og reseksjonering etter befarig - Betalast etter faktisk medgått tid					8)
2.2 I tillegg kjem tinglysingsgebyret frå Statens kartverk					

Noter

- 1) Større samanhengande areal til landbruk, allmenne fritids- og andre allmenntilgjengelege formål. Gebyr for matrikkelføring der forberedande arbeid og det tekniske arbeidet er utført av andre, for eksempel grunn til veg og jernbane, betales det etter faktisk medgått tid.
- 2) I tillegg kjem gebyr etter pkt 1.1.1, 1.1.2, 1.1.4, 1.1.5 og 1.1.6
- 3) Utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endring i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast.
- 4) Volumet kan justerast med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum. Maksimal grense 1000 m³
- 5) Oppmålingsforretning og tinglysing skal gjennomførast. Dokumentavgift utover veg- og jernbaneformål.
- 6) Overføring av volum frå ei matrikkeleining til ei anna, kan ikkje være registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stade. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.
- 7) Billigaste alternativ for rekvirent skal veljast. Alternativt kan gebyr fastsetjast etter medgått tid med minstepris for 3 timar.
- 8) Timepris dekkjer både direkte og indirekte kostnader
- 9) Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

Referansar

- [Lov om eigedomsregistrering § 32](#)
- [Forskrift om eiendomsregistrering § 16](#)
- [Lov om eigarseksjonar § 7](#)
- [Vinterforskrift til Matrikkellova](#)
- Tidsfristen i Matrikkelforskrifta § 18 første gjeld ikkje i perioden 1.nov-15.mai, sjå eiga forskrift for Skjåk kommune.

Urimeleg gebyr

Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og kostnadane kommunen har hatt, kan kommunedirektøren eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsette eit passende gebyr.

Gjer rekvisisjonen under saksgangen forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, skal likevel gebyret oppretthaldast.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngjeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsett eit redusert gebyr.

Betaling

Det er ikkje meirverdiavgift på oppmåling. Gebyret bereknast etter dei satsane som gjeld på rekvisisjonstidspunktet. Gebyret kan krevjast inn forskotsvis.

Tinglysingsgebyret og dokumentavgift kjem i tillegg til satsane i gebyrregulativet der det er kravd tinglysing.

Alle faktiske utgifter ved innhenting av nødvendige opplysningar frå Grunnboka m.m. skal vidarefakturert til rekvisisjonsinstans.

Renovasjon

Renovasjon	Mengde	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Husstand - Gruppe B (tidlegare 24 sekker)	140 l dunk	4 915	3 788	1 128	29,8 %
Husstand - Grupper A, normal sats (tidlegare 36 sekker)	240 l dunk	5 750	4 425	1 325	29,9 %
Husstand - Gruppe C (tidlegare 48 sekker)	360 l dunk	6 875	5 413	1 463	27,0 %
Heimekompostering av matavfall etter godkjenning		-475			
Hytte og fritidshus	Gruppe 1	740	613	128	20,8 %
Hytte og fritidshus	Gruppe 2	1 475	1 225	250	20,4 %
Hytte og fritidshus	Gruppe 3	2 065	1 638	428	26,1 %
Tillegg for henteavstand 5-10 m		540	513	27,5	5,4 %
Tillegg for henteavstand 10-15 m		895	850	45	5,3 %

Abonnementsgruppene er slik:

Gruppe A: Normal sats, standardgebyr	240 liter dunk til restavfall + 12 sekker til plastavfall
Gruppe B: Lav sats, minstegebyr	140 liter dunk til restavfall + 12 sekker til plastavfall
Gruppe C: Høy sats	360 liter dunk til restavfall + 12 sekker til plastavfall

Alle abonnentar får ein 140 liter dunk til matavfall (grønt lokk).

Ved heimekompostering kan ein søke kommunen om fritak for matavfallsdunken.

Hytte og fritidshus:

Gruppe 0: Gebyrfritak ved hytte/bu mindre enn 12 m² og/eller meir enn 1,5 km frå bilveg

Gruppe 1: Hytte/bu med heilt enkel standard (areal mindre enn 30 m²)

Gruppe 2: Hytte med enkel standard (hytter som ikkje kjem i gruppe 0, 1 eller 3)

Gruppe 3: Hytte med høg standard (over 50 m², innlagt vatn og avløp, straum og nær heilårsveg)

Gebyra blir lagt til når det føreligg mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Vatn og avløp

Avgift vatn		2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Fastledd vatn bustad	pr. bueining	2 300	2 000	300	15,0 %	
Fastledd vatn fritidsbustad	pr. bueining	3 500	3 000	500	16,7 %	
Fastledd vatn verksemd	pr. brukseining	4 600				
Ikkje utbygd eigendom som kommunen kan kreve tilknytt	pr. eigendom	1 250	1 000	250	25,0 %	
Forbruksledd vatn	pr.m3	22,00	15,63	6,38	40,8 %	
Leige av vassmålar	pr. målar	220	200	20	10,0 %	
Vatn stipulert forbruk bustad 0 - 120m ²	pr. bueining	2 850	2 250	600	26,7 %	1)
Vatn stipulert forbruk bustad 120 - 200m ²	pr. bueining	3 750	3 000	750	25,0 %	1)
Vatn stipulert forbruk bustad 200 - 240m ²	pr. bueining	5 200	4 125	1 075	26,1 %	1)
Vatn stipulert forbruk fritidsbustad 0 - 80m ²	pr. bueining	1 650	1 250	400	32,0 %	
Vatn stipulert forbruk fritidsbustad over 80m ²	pr. bueining	1 950	1 500	450	30,0 %	4)

Avgift avløp		2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Fastledd avløp bustad	pr. bueining	6 200	5 250	950	18,1 %	
Fastledd avløp fritidsbustad	pr. bueining	9 350	7 875	1 475	18,7 %	
Fastledd avløp verksemd	pr. brukseining	12 400				
Forbruksledd Avløp	pr.m3	38,00	26,88	11,13	41,4 %	
Leige av vassmålar	pr. målar	220	200	20	10,0 %	2)
Avløp stipulert forbruk bustad 0 - 120m ²	pr. bueining	4 300	3 413	888	26,0 %	1)
Avløp stipulert forbruk bustad 120 - 200m ²	pr. bueining	5 700	4 550	1 150	25,3 %	1)
Avløp stipulert forbruk bustad 200 - 240m ²	pr. bueining	7 750	6 250	1 500	24,0 %	1)
Avløp stipulert forbruk fritidsbustad 0 - 80m ²	pr. bueining	2 500	1 900	600	31,6 %	
Avløp stipulert forbruk fritidsbustad over 80m ²	pr. bueining	3 000	2 275	725	31,9 %	4)

Tilknytingsavgift		2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Tilknytingsavgift bustad/fritidsbustad vatn		12 500	12 500	0	0,0 %	3)
Tilknytingsavgift bustad/fritidsbustad avløp		12 500	12 500	0	0,0 %	3)
Tilknytingsavgift næring. Vatn.		12 500	12 500	0	0,0 %	3)
Tilknytingsavgift næring. Avløp.		12 500	12 500	0	0,0 %	3)

Septikavgifter		2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Tøyming overskridande volum, pr m3		1 450	963	488	50,6 %	
Tøyming slamavskiljar fritidsbustad. Inntil 4 m3, pr. år		1 700	1 094	606	55,4 %	
Tøyming slamavskiljar, bustad. Inntil 4 m3, pr. år		3 400	2 188	1 213	55,4 %	
Tøyming tett tank i bustad og fritidsbustad, inntil 4 m3, årleg		6 650	4 375	2 275	52,0 %	
Tøyming tett tank i bustad og fritidsbustad, inntil 3 m3, årleg		4 750	3 125	1 625	52,0 %	
Tøyming utanom køyreplan, 0-4 m3		8 500	5 625	2 875	51,1 %	
Slambehandling for bedrifter		880	575	305	53,0 %	

Diverse		2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Noter
Leige av steamkjele inkl mannskap pr time + mva		2 500	1 625	875	53,8 %	
Straffegebyr, førstegongs tilfelle		3 875	3 750	125	3,3 %	
Straffegebyr auke ved gjentakande tilfelle, pr gang		2 625	2 500	125	5,0 %	

Noter

- 1) Ved manglande dokumentasjon på BRA vil abonnent bli lagt i mellomsteget inntil dokumentasjon er levert, eller vassmålar er montert.
- 2) Gjelder vist det ikkje er abonnement for vatn.
- 3) Alle som blir tilknytt kommunalt vatn og avløp må betale tilknytingsavgift
- 4) Ved manglande dokumentasjon på BRA vil abonnent bli lagt i dette trinnet inntil dokumentasjon er levert, eller vassmålar er montert.

For å sikre vassforsyning frå kommunale vassverk, kan det i tørkeperiodar vera nødvendig å innføre restriksjonar på vatning.

Referansar

- [Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter](#)
- [Forureiningslova § 20 til §26](#)
- [Forureinsingsforskrifta §12-§13](#)
- [Forskrift for tøyning av slamavskillar og tette tanker i Skjåk kommune](#)
- [Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Skjåk kommune](#)

Betaling

Alle gebyr på slam, vatn og avløp er inklusive meirverdiavgift.

Slamavskillar frå bustadhus blir tømt annakvart år. Gebyret er fordelt over 2 år. Slamavskillar frå fritidsbustadar blir tøymt kvart 4.år. Gebyret blir fordelt etter tøyrefrekvens og fakturert eigar kvart år.

For tette tanker på bustadhus og fritidshus er det krav om tøyning kvart år. Gebyret blir fakturert eigar over 4 terminar.

Tøyning utover faste mengder per anlegg blir fakturert det året anlegget er tømt.

Tøyning utover oppsett køyreplan blir fakturert etterskotsvis etter oppgåve frå renovatør.

Slamavskillar som ikkje fungerer eller let seg avvatne, blir fakturert som ekstratøyning.

Slambehandling frå bedrifter blir fakturert etter faktiske kostnader.

Renovasjon, feiing og slamavskillar på fritidsbustadar vil bli fakturert kun på 3.termin med forfall 15.08.2025.

Ordinær fakturerings frekvens er kvartalsvis, men Skjåk kommune tilbyr månadleg faktura til dei som ynskjer dette. Ta kontakt med økonomiavdelinga om du ynskjer å endre frekvens.

Feiing

Feiing og tilsyn	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Feiing kvart år og tilsyn kvart 8 år	575	550	25	4,5 %
Feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 8 år	480	460	20	4,3 %
Feiing kvart 5. år og tilsyn kvart 8 år	320	305	15	4,9 %
Feiing og tilsyn etter behov (fritidshus og setrer, f.t. 8 år)	280	265	15	5,7 %
Ikkje klargjort for feiing eller tilsyn av pipe eller fyringsanlegg	560	535	25	4,7 %

Friteke meirverdiavgift

Referansar

- [Brann og eksplosjonsvernlova §28](#)
- [Forskrift for gebyr for feiing og tilsyn, Lom og Skjåk kommunar](#)

Brann og redning

Brannøving	Mengde	2025	2024	Endr. kr.	Endr. %	Noter
Brannøving teori	Pr. time	625	600	25	4,2 %	
Brannøving m/sløkking	Pr. time	915	880	35	4,0 %	
Utleige av røykmaskin	Pr. dag	583	560	23	4,1 %	
Bruk av øvingsapparat	Pr. stk	188	180	8	4,4 %	
Fyrverkeri						
Gebyr handsaming fyrverkeri	Pr. søknad	3 225	3 100	125	4,0 %	
Årleg gebyr for overføring av alarm til 110						
Avgiftsgruppe 1. Bygg <300 m2	Pr. år	3 610	3 470	140	4,0 %	
Avgiftsgruppe 2. Bygg >300 m2	Pr. år	7 230	6 950	280	4,0 %	
Heisalarm (føresett avtale med brann)	Pr. år	1 990		1 990	#DIV/0!	
Utrykking						
Gebyr falsk/unødvendig alarm	Pr. utrykking dagtid	6 140	5 900	240	4,1 %	
Gebyr falsk/unødvendig alarm	Pr. utrykking kveld/helg	12 280	11 800	480	4,1 %	
Kurs						
Varme arbeider		2 080	2 000	80	4,0 %	
Brannvernleiar 2 dag		3 590	3 450	140	4,1 %	
Brannvernleiar 1 dag		1 800	1 730	70	4,0 %	
Utleige						
Utleige av tankbil m/sjåfør	Pr. time	1 050	1 010	40	4,0 %	1)
Utleige av brannbil m/sjåfør	Pr. time	1 050	1 010	40	4,0 %	1)
Utrykkingskøyrety m/sjåfør	Pr. time	760	730	30	4,1 %	1)
Utrykkingkøyrety KS sats	Pr. time		650	-650	-100,0 %	2)
Ekstra mannskap	Pr. time dag	615	590	25	4,2 %	
Ekstra mannskap	Pr. time dag kveld/helg	915	880	35	4,0 %	
Mannskap KS sats	Pr. time		1030	-1 030	-100,0 %	2)
Utleige av lita brannpumpe	Pr. dag	590	565	25	4,4 %	
Slanger KS sats	Pr. meter		54	-54	-100,0 %	2)
Utleige av stor brannpumpe	Pr. time m/sjåfør	915	880	35	4,0 %	1)
Fylling av trykkluftflaske		73	70	3	4,3 %	
Ymse feietenester	Pr. time	495	475	20	4,2 %	
Kontroll av røykdykkerapparat						
Årleg funksjonskontroll Spiromatic røykdykkerapparat	Pr. stk.	603	580	23	4,0 %	
Årleg funksjonskontroll lungeautomat	Pr. stk.	352	338	14	4,1 %	
Årleg funksjonstest maske	Pr. stk.	352	338	14	4,1 %	
Årleg funksjonskontroll Aga Spiroscap	Pr. stk.	396	380	16	4,2 %	
Plombering	Pr. stk.	34	32	2	6,3 %	
Kontroll Aga unitor regulator R500 Plus	Pr. stk.	352	338	14	4,1 %	
Reingjering av maske	Pr. stk.	57	54	3	5,6 %	
Trykkprøving røykdykking	Pr. stk.					
Trykkprøving av RD flaske dobbel	Pr. stk.	2 655	2 550	105	4,1 %	
Trykkprøving av RD flaske enkel	Pr. stk.	1 240	1 190	50	4,2 %	
Overhald kran dobbel	Pr. stk.	490	470	20	4,3 %	
Overhald kran enkel	Pr. stk.	490	470	20	4,3 %	
Demontering doble sett	Pr. stk.	203	195	8	4,1 %	
Trykkprøving 50l flaske Unitor	Pr. stk.	1 455	1 395	60	4,3 %	
Trykkprøving Spiroscap	Pr. stk.	505	485	20	4,1 %	

Noter

- 1) Det krevst at utstyret blir betent av personell frå Lom og Skjåk brannvesen.
- 2) Etter gjeldande sats

Teknisk drift

Utebord	Mengde	2025	2024	Noter
Privatpersonar og private lag	Pr. bord og døgn	60	50	1) 2) 3)
Næringsverksemd og bedrifter	Pr. bord og døgn	110	100	1) 2) 3)
Lag og organisasjonar		Gratis	Gratis	1) 2) 3)
Kommunen er hovudarrangør		Gratis	Gratis	1) 2) 3)
Kommunen er delarrangør	Pr. bord og døgn	110	100	1) 2) 3)
Vask av klede på vaskeriet	Mengde	2025	2024	Noter
Vask av klede	Pr. kg	90	85	4)

Noter

- 1) Skjåk kommune har 40 utebord lagra på stemneplassen i Bismo.
- 2) Alle førespurnadar om leige av borda rettast til Teknisk drift.
- 3) Leigetakarane må sjølv ordne med transport av borda.
- 4) Vask av klede ved vaskeriet på Skjåkheimen for heimebuande med omsorgsbehov og bebuarar i omsorgsbustadar.

Kommunale bustader

		Kontrakt før 01.01.2011	Kontrakt etter 01.01.2011	Kontrakt før 01.01.2011	Kontrakt etter 01.01.2011	
Eldrebustad	Strandvegen 22, 24 ,26, 28, 30, 34, 36 og 38	5 100	5 600	4 900	5 400	1)
Eldrebustad	Strandvegen 32		4 600		4 400	1) 5)
Eldrebustad	Skeisvegen 15, 17, 19, 21 og 23	5 800	6 600	5 600	6 400	
Skjåkheimen	Bustad 1310 (B10), 1320 (B11), 1330 (B12), 1340 (B09), 1350 (B08) og 1360 (B07)		8 400		8 100	2)
Skjåkheimen	Bustad 1380 (B13), 1390 (14), 1400 (B06), 1410 (B05), 1470 (B01), 1480 (B02), 1490 (B03) og 1500 (B04)		9 200		8 900	2)
Skjåkheimen	Besøksbustad		470		450	3)
HFF-bustad, Bismotunet	Skamsarvegen 24 A, 24 B, 24 C, 24 D, 24 E og 24 F		7 800		7 500	4)
Omsorgsbustad	Moavegen 24 A, 24 B, 24 C og 24 D	6 000	6 600	5 800	6 400	
Omsorgsbustad	Skeisvegen 9		6 000		5 800	
Omsorgsbustad	Skeisvegen 11 og 13		7 000		6 700	
Flyktningbustad	Bispevegen 8 og 10		5 600		5 400	5) 6)
Flyktningbustad	Måsåvegen 6 og 8		5 600		5 400	5) 6)
Flyktningbustad	Skeisvegen 5 A, 5 B, 5 C, 5 D, 5 E og 5 F		7 000		6 700	6)
Kommunal bustad	Blåbærmyra 41 A, 41 C, 43 A og 43 C		5 700		5 500	6)
Kommunal bustad	Blåbærmyra 41 B og 43 B		5 400		5 200	6)

Noter

- 1) Korttidsleige for ungdom kostar kr. 3 000,- pr. månad
- 2) Inklusive kommunale avgifter, straum og fyring

- 3) Leigepris er pr. døgn
- 4) Inklusive fyring
- 5) Redusert sats pga. nedsett standard, størrelse eller at bustaden ikkje er attraktiv å leige
- 6) Prisoppgang med 10% etter 3 år og 5% påfølgjande år. Låginntekstfamiliar kan søke om fritak frå ordninga.

Ved tap av nøkkel til kommunal bustad må leigetakar dekke faktiske kostnader til å skifte låsesylinder.

Idrettsanlegg

Anlegg	Brukar	Mengde	2025	2024	Endr kr	Endr. %
Idrettshall og 2.etasje, inkl. garderobar	Lom og Skjåk idrettslag	Pr. time	90	85	5	5,9 %
Idrettshall- større arrangement med reinhald		Pr. døgn	9 400	9 400	0	0,0 %
Idrettshall		Pr. time	416	400	16	4,0 %
Svømmehall 25m	Skjåk idrettslag	Pr. måned	1 500	1 120	380	33,9 %
Svømmehall 25 m	Andre organisasjonar	15 pers./pr. time	600			
Svømmehall med terapibasseng	Andre organisasjonar	15 pers./pr. time	700			
Svømmehall	Enkeltbillett vaksne	Pr. time	60	55	5	9,1 %
Svømmehall	Enkeltbillett inntil 20 år	Pr. time	50	45	5	11,1 %
Svømmehall	Kort vaksne	10 klypp	500	470	30	6,4 %
Svømmehall	Kort barn	10 klypp	390	360	30	8,3 %
Garderobe og dusj	Lag inntil 15 pers.	Pr. gong	370	350	20	5,7 %
Garderobe og dusj	Lag utover 15 pers.	Pr. pers. pr. gong	35	30	5	16,7 %
Garderobe og dusj	Enkeltbillett	Pr. gong	35	30	5	16,7 %
Fotballbaner med garderobe og dusj	Lom & Skjåk idrettslag	Pr. time	120	110	10	9,1 %
Fotballbaner med garderobe og dusj		Pr. bane og time	400	380	20	5,3 %
Fotballbaner med garderobe og dusj		Pr. bane og dag	2 300	2 200	100	4,5 %
Friidrettsbane	Lom & Skjåk idrettslag	Pr. time	120	110	10	9,1 %
Friidrettsbane		Pr. time	450	430	20	4,7 %
Friidrettsbane		Pr. dag	2 900	2 700	200	7,4 %

OPPVEKST OG UTDANNING

Barnehage

Antall dagar	Mengde	2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Note
5 dagar (makspris)	Pr. mnd.	1 500	1 500	0	0,0 %	1)
4 dagar	Pr. mnd.	1 400	1 400	0	0,0 %	
3 dagar	Pr. mnd.	1 300	1 300	0	0,0 %	
Ekstra dag pr. dag	Pr. dag	350	350	0	0,0 %	
Syskenmoderasjon 2. barn		30 %	30 %			
Syskenmoderasjon 3. barn og fleire		Gratis	Gratis			

Noter

- 1) Foreldre skal ikkje betale meir enn maksprisen per måned for ein barnehageplass. Maksprisen blir fastsett av Stortinget i budsjettvedtaket kvar haust. Det er framlagt forslag om å vidareføre maksprisen til kr. 1 500,- i distriktskommunar i 2025.
- 2) Stortinget har vedteke syskenmoderasjon på 30 % for 2.barnet og gratis for tredje og eventuelt fleire barn

Barnehagen kan kreve betaling for kost (matpengar) i tillegg til maksprisen.

Skulefritidsordning (SFO)

SFO	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Heiltidsplass 15-25 timar/veke (Fast SFO), månadspris pr time	2 600	2 500	100	4,0 %
Deltidsplass 1-14 timar/veke (Fast SFO), månadspris pr time	1 695	1 630	65	4,0 %
Morgonopphald, 1 time per dag før skulestart (fast SFO), månadspris	700	700	0	0,0 %
Kjøp av enkeltdag	355	340	15	4,4 %
For sein henting, per påbegynt halvtime	100	100	0	0,0 %

Det er innrekna 4 timar gratis SFO i ordning for alle i 1.-4. klasse. Dette er på grunn av skuleskyssen

Forskrift til opplæringslova

§ 2-2. Gratis skulefritidsordning for elevar på 1. til 3. Trinn

Kommunen skal gi tolv timar gratis skulefritidsordning per veke for elevar på 1. til 3. trinn som har plass i ordninga. Kommunen kan ikkje rekne om dei tolv timane til gjennomsnitt over lengre tid enn ei veke. Kravet i første ledd gjeld også dersom kommune tilbyr skulefritidsordning i skoleferiane. Kommunen skal gi foreldra tilbod om å fordele dei tolv timane på alle dagane kommunen til vanleg har eit tilbod om skulefritidsordning, så langt det er praktisk mogleg. Dette gjeld ikkje ved tilbod om skulefritidsordning i skoleferiane.

Kommunen kan kreve betaling for kost.

§ 2-3. Gratis skulefritidsordning for elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn

Kommunen skal gi tilbod om gratis skulefritidsordning for elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn.

Kommunen kan kreve betaling for kost.

§ 2-4. Redusert foreldrebetaling for skulefritidsordninga på grunn av låg inntekt

Kommunen skal etter søknad redusere foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på 1. til 4. trinn slik at ho per elev utgjør maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom eitt av desse vilkåra er oppfylt:

- a. Foreldrebetalinga per elev for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året.
- b. Ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år gjer at foreldrebetalinga per elev for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.

Med hushald meiner ein i dette kapittelet einslege foreldre, ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene eller har felles barn. Dersom søkjaren har sambuar utan felles barn, må søkjaren opplyse kommunen om dette.

Dersom foreldra til barnet bur kvar for seg og barnet bur fast hos begge foreldra, er det inntekta til hushaldet til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet, som skal leggjast til grunn.

Kommunen kan kreve betaling for kost.

Skjåk barne- og ungdomsskule

Skjåk barne- og ungdomsskule	Rom	Mengde	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Offentleg, lag og organisasjonar	Alle	Pr. gong	Gratis	Gratis		
Kommersiell leige	Kantine	Pr. gong	2 625	2 625	0	0,0 %
Kommersiell leige	Klasserom	Pr. gong inntil 10 personar	110	110	0	0,0 %
Kommersiell leige	Klasserom	Pr. gong/pers. over 10 pers.	20	20	0	0,0 %
Bruk av kjøken	Kantinekjøken	Pr. gong	125	125	0	0,0 %

Noter

- 1) Leigesatsane inkluderer reinhald og forbruksmateriell.
- 2) Rektor på Skjåk barne- og ungdomsskule inngår leige- og bruksavtale.
- 3) Eventuelle skadar på bygning og utstyr erstattast av leigetakar etter faktiske kostnader.
- 4) Det er ikkje utlån til privat bruk

Lom og Skjåk kulturskule

Undervisning	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Individualundervisning	3 550	3 380	170	5,0 %
Opplæring på instrument og song m/ samspel og kor	4 500	4 340	160	3,7 %
Gruppeundervisning musikk/ kor	2 990	2 860	130	4,5 %
Minikarusell 3-5 år	1 950	1 860	90	4,8 %
Karusell kunst	1 950	1 860	90	4,8 %
Karusell kunst- material	620	600	20	3,3 %
Visuell kunst	1 950	1 860	90	4,8 %
Visuell kunst- material	1 030	1 000	30	3,0 %
Dans 1, 2, 3	2 980	2 860	120	4,2 %
Leige av instrument	1 000	1 000	0	0,0 %

Det er 40% syskenmoderasjon for 2.barnet og 50% for 3.barnet eller fleire.

Servicetorg

Kopiering, pris pr ark	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
1-sidig				
A4 svart-kvitt, 1-15 stk	5	5	0	4,0 %
A4 svart-kvitt, 15 eller fleire	3	3	0	4,0 %
A4 farge, 1-15 stk	7	7	0	4,0 %
A4 farge, 15 eller fleire	5	5	0	4,0 %
A3 svart-kvitt, 1-15 stk	9	9	0	4,0 %
A3 svart-kvitt, 15 eller fleire	7	7	0	4,0 %
A3 farge, 1-15 stk	11	11	0	4,0 %
A3 farge, 15 eller fleire	9	9	0	4,0 %
2-sidig				
A4 svart-kvitt, 1-15 stk	7	7	0	4,0 %
A4 svart-kvitt, 15 eller fleire	5	5	0	4,0 %
A4 farge, 1-15 stk	9	9	0	4,0 %
A4 farge, 15 eller fleire	7	7	0	4,0 %
A3 svart-kvitt, 1-15 stk	11	11	0	4,0 %
A3 svart-kvitt, 15 eller fleire	9	9	0	4,0 %
A3 farge, 1-15 stk	14	13	1	4,0 %
A3 farge, 15 eller fleire	11	11	0	4,0 %

HELSE OG OMSORG

Helsetasjon

Helsetasjon	2025	2024	Endr. kr	Endr. %
Eigenandel (medisinsk forbruksmateriell) ved vaksining, injeksjoner o.l. pr pers	140	140	0	0,0 %
Babysong	575	575	0	0,0 %

Pleie og omsorg

Tenester	Mengde	2025	2024	Endr. kr	Endr. %	Note
Dag- eller nattopphald på Skjåkheimen			110			1)
Korttidsopphald på Skjåkheimen			193			1)
Kurdøgnpris Skjåkheimen	Pr. døgn					2)
Kurdøgnpris Skjåkheimen	Pr. mnd.					2)
Middag kantine på Skjåkheimen		130	122	8	6,6 %	
Frokostgruppe på Skjåkheimen		55	52	3	5,8 %	
Lunsj kantine Skjåkheimen		55	52	3	5,8 %	
Matombringing		121	115	6	5,2 %	
Graut frå Skjåkheimen		42	40	2	5,0 %	
Havresuppe frå Skjåkheimen		30	27	3	11,1 %	
Dagsenter heimebuande	Pr. dag	212	202	10	5,0 %	
Praktisk bistand - over 2G	Pr. time inntilab.	351	335	16	4,8 %	3)
Praktisk bistand - inntil 2 G	Ab. pr.mnd.		230	-230	-100,0 %	1)
Praktisk bistand - 2G-3G	Ab. pr.mnd.	1 118	1 065	53	5,0 %	3)
Praktisk bistand - 3G-4G	Ab. pr.mnd.	1 444	1 375	69	5,0 %	3)
Praktisk bistand - 4G-5G	Ab. pr.mnd.	2 121	2 020	101	5,0 %	3)
Praktisk bistand – over 5 G	Ab. pr.mnd.	2 714	2 585	129	5,0 %	3)
Leige av tryggleiksalarm GSM	Pr. mnd.	350	350	0	0,0 %	
Utkøyring frå kommunalt hjelpemiddellager	Pr. utkøyring	360				4)

Noter

- 1) Satsane blir fastsett frå helse- og omsorgsdepartementet i rundskriv I-1/2025
- 2) Kurdøgnprisen kjem i eigen sak seinare
- 3) Betalingsordninga for praktisk bistand er basert på sjølvkostprinsippet. Det vil si at den enkelte ikkje skal betale meir for tenesta enn kostnaden ved å produsere den. Eigenbetalinga blir fastsett etter hustanden si samla skattbare netto inntekt før særfrådrag.

På veg i arbeid

På veg til arbeid	Mengde	2025	2024	Noter
Utkjøring av ved	Pr km	6,13		1) 2)

Noter

- 1) Satsen er inklusiv meirverdiavgift
- 2) Utkjøring av ved fordrar en bestilling på minimum 10 sekker

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane for 2025

Formannskap si behandling av sak 68/2024 i møte den 23.10.2024:

Behandling

Samrøystes som innstilling.

Vedtak

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane for 2025

Kommunestyret si behandling av sak 57/2024 i møte den 31.10.2024:

Behandling

Bernt Dahl (BL) ba kommunestyret vurdere om han er inhabil. Bernt Dahl (BL) vart samrøystes kjent inhabil.

Endringsforslag frå ordførar Kristen Haugen Dagsgard (SP), utdelt i møte.

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane for 2025. Satsar som omhandlar plan og byggesak blir justert etter ny framstilling frå administrasjonen.

Endringsforslag frå Kristen Haugen Dagsgard (SP) vart samrøystes vedteke.

Endringsforslag frå Tom Andre Hånsnar (BL):

Tiltak som krev søknad og løyve § 20-3, jf. §20-1 a)

Oppføring,tilbyggene påbygging osv...

Fritidsbustadar 25.000,-

Endringsforslaget frå Tom Andre Hånsnar (BL) vart vedteke med 9 stemmer for og 8 stemmer mot.

Ordførar brukte si dobbeltstemme.

I tillegg vart innstillinga frå formannskapet samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane for 2025 med endringar.